



John Skogtun hadde den tøffaste julejobben i Uskedalen laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den som hadde den tøffaste julejobben i Uskedalen på laurdag var utan tvil John Skoglund frå Bringedalsbygda. Han trossa dei heftige kulingkasta og selde juletre utanfor Gros Blomster.

- Eg er engasjert av Gro Hjelmeland, fortalde han medan han baud fram juletre av den 'gamaldagse' typen til dei som var på veg inn eller ut av blomebutikken.

Og John streka under at han slett ikkje satsar på juletreproduksjon som ein innbringande geskjeft.

Dermed er han heller ikkje nokon alvorleg konkurrent for den einaste juletre dyrkaren i Uskedalen - Ivar Kåre Døssland.

- Det er Ivar Vaage som er den store på området her i Kvinnherad, påpeika John.

- For min del er det snakk om lita uttynning der eg berre tar ut 20-30 tre i året. Vanlegvis sel eg utelukkande frå tunet heime og her i Uskedalen er det nokre år sidan sist eg selde tre, opplyste seljaren, som hadde todagarskontrakt med blome-Gro.

Han var i aksjon fredag ettermiddag og laurdag føremiddag.

Inne hadde Gro og hennar gode hjelparar nok å hengja fingrane i.

- Eg er kjempefornøgd, trafikken har vore større enn eg rekna med, sa den siste butikk-etableraren i bygda på dagen ein måned etter etableringa 20. november.

Kundane har kome frå heile Kvinnherad og lovorda har vore mange både frå uskedalingar og andre.

- Men det blir vel magrare etter jul, fryktar Gro.

Av Ola Matti Mathisen